
Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Sendt: 20. januar 2016 16:09
Til: atle@adu.no
Kopi: Postmottak Meland
Emne: Uttale - Oppstartsmelding - Meland - Gnr 22 bnr 127 221 m fl - Mjåtveitmarka - Bustadformål - Detaljregulering

Uttale til oppstart av endring av reguleringsplan – *Gnr. 22 – Bnr. 127, 221 m. fl. – Mjåtveitmarka – Meland kommune*

Fylkesmannen viser til dykker brev av 08.12.15 med melding om oppstart av planarbeid for Gnr. 22 Bnr. 127, 221 m. fl., Meland kommunen.

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og at det ikkje er i strid med nasjonale føringer for arealpolitikken.

Fylkesmannen poengterer at alle planar etter plan- og bygningslova skal inkludere vurdering av folkehelseperspektivet, jf. plan- og bygningsloven §3-1. Planlegginga skal vere helsefremjande gjennom å fremje faktorar som styrker helsa og livskvaliteten, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova §4. Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. Regional plan for folkehelse 2014-2025. Alle planar krev god medverknad og barn og unge skal vere høyrd og teke omsyn til i planprosessen.

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7- 12.

Fylkesmannen vil elles gjere merksam på at ROS-analysen må nytte akseptkriteria som er i tråd med byggeteknisk forskrift (TEK 10). Analysen må vidare, som presisert i plan- og bygningslova, sjå på risiko både innanfor og utanfor planområde som kan påverke tiltaket, og eventuell endra risiko som følgje av tiltaket.

På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

Vi ynskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Hege Brekke Hellesøe
Rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga

Tlf: 55 57 23 52

www.fylkesmannen.no/hordaland

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

. **Tenk miljø - ikkje skriv ut denne e-posten med mindre det er naudsynt**